



- 1 Tysdag 3. mai: Liagardane ned
- 2 Tysdag 10. mai: Frå Bråtalien til Brøtmyrane
- 3 Tysdag 24. mai: Kulufossen i vårprakt
- 4 Tysdag 7. juni: Barskrind-Melset-Vermelie
- 5 Tysdag 21. juni: Breiset-Grytingen
- 6 Tysdag 16. aug: Sirestølen (Ridalen)
- 7 Tysdag 23. aug: Frå Bæra til Søre Satalien
- 8 Tysdag 30. aug: Torpo Sentrum rundt
- 9 Tysdag 6. sept: Rudningen-Underberget-Rotneim
Sesongavslutning etter turen



NI PÅ TØPP PÅ TØRPO 2011

Etter 11 år med veldig bra oppslutning, prøver me oss med eit liknande opplegg også i år. I fjor var det totalt 180 deltakarar, eit snitt på 20 per tur. Dette er me godt fornøgde med. Målet er å koma ut i frisk luft, koma i form på tur – i lag med andre. Eit anna vesentleg mål er å bli kjent med kvarandre, med bygda og med toppane rundt.

Dei fleste turane kan alle vera med på, me tek den tida me treng! Dersom det ikkje høver for alle å ta turen den aktuelle dagen, heng det klyppetenger på treskilt på alle turane. Turane skal merkast i god tid.

Deltakarkort får de kjøpt på Joker-butikken på Torpo frå 28. april. Du kan også få kjøpt kort hjå turansvarleg på turane. Kortet kan brukast som familiekort og kostar berre 60 kroner. Deltakarkort kan leverast på Joker-butikken Torpo seinast 6. september, eller til turansvarleg på den siste turen.

Det blir felles rasteplassar på alle turane. Idrettslaget tek ikkje ansvaret for den enkelte si sikkerheit på turane.

Poeng: Også i år blir det bøker å skrive seg inn i. Desse finn du på Rikansrudkamben og på Bjørøynatten*). For vaksne gjer berre fyrste innskriving poeng (2 poeng), for barn og ungdom (under 16 år) gir kor innskriving 1 poeng. Også i år kan du oppnå vervepoeng, alle som får med seg nye turdeltakarar får poeng: 1 poeng for kvar deltakar (vaksne, barn eller ungdom). Regel: Dei nye må ikkje ha vore med på tur dei siste 3 åra, og dei må vera med på minst 3 turar. Pass på og informer turansvarleg ved turstart, slik at dei blir registrerte. Håpar mange legg seg i selane og får med mange nye turdeltakarar!

Premiering skjer på grunnlag av poeng, flest poeng finast premie. Vandrepremie for vaksne (vandrestav laga av Anfinn Evjen). Elles er det 2 klassar, over og under 16 år. Me har og mange fine premiar sponsa av «Hytta Vår», også gavekort frå Ål Kommune til arrangement i Kulturhuset. Utdeling av premiar skjer på turavslutninga på Klubbhuset 6. september.

**) Bjørøynatten: Du tek gamlevegen til Ridalen under jernbanen, opp bakkane til ei liten flate bak masta. Der står det skilt med pil på vegen mot postkassa der boka ligg.*

Har du spørsmål så
kontakt ein av oss i nemnda:

Gerd Liahagen	Tlf 4152 5962
Sissel Hansen	9112 9478
Per-Egil Kolsrud	9174 5463
Ole Karterud	9777 2774
Hans Petter Evensen	4800 8253
Ove Thorshaug	9073 2142



Me ynskjer små og store velkommen
og håpar på mange fine turar i lag!

NI PÅ TØPP PÅ TØRPO 2011

1 Tysdag 3. mai: Liagardane ned

Frammøte ved Sando skule kl 1800

Me fyller opp bilane (ev. minibuss) og køyrer til bommen nedanfor Liatoppen. Så går me nedover Liagardsvegen med flott utsikt mot Sundre. Håkon E. Sørbøen blir med som kjentmann, her blir det litt historikk undervegs. Tonga heng i Sørbøen.

Turen er om lag 4 km.

Turansvarleg er Sissel Hansen, tlf 9112 9478.

2 Tysdag 10. mai: Frå Bråtalien til Brøtmyrane

Frammøte på Lien, Ål vg. skule kl 1800

Etter ei kort orientering om skulen, vandrar me opp til Bråtalien og går kultur/naturstigen som Leiv Bråtalien oppretta for mange år sidan. Stigen som han la til rette for er eit fint minne om han. Me går forbi dei gamle husmannsplassane og bort til Rudningen. Her går me innom den hemmelege kjelda før me går inn i den freda urskogen i Tuftelia og vidare til Brøtmyrane. Så går me skogsvegen bort til Syningenvegen og nedover til Lien (blir det tid går me innom Trollgrana). Tonga heng der stigen går inn i Tuftelia.

Turen er om lag 4,5 km.

Turansvarleg er Hans Petter Evensen, tlf 4800 8253.

3 Tysdag 24. mai: Kulufossen i vårprakt

Frammøte ved Klubbhuset kl 1800

Me samkøyrer til Ål, opp Vestlia og vidare vegen mot Nyset. Parkering der lyslinevegen kryssar Kulu. Her går det stig opp lia på austsida av elva. Ved eit merka stigkryss tek me av mot Kulufossen. Det var denne fossen som var mykje omtala sist

sommar, då det var snakk om å bygge kraftverk i Kulu. Me har fleire alternativ attende til bilane, same vegen, eller på skogs- og fjellvegane i området. Tonga heng ved stigkrysset.

Turen er om lag 2,5 km.

Turansvarleg er Ove Thorshaug, tlf 9073 2142.

4 Tysdag 7. juni: Barskrind-Melset-Vermelie

Frammøte ved Klubbhuset kl 1800

Me startar ved gamle Barskrindsaga (ved nedkøyinga til Johnny Bråten), og går gutu langs gjerde til Petterhaugen. Så går me til Tvillessing (betyr timralunning), over Kløpparmyre og opp på vegen til Melset. Dette er den gamle bufarvegen til Rauset. Stigen er merka. Me går så vegen austover til Vermelia (forbi stølen til Kjell Torpe). Herifrå går me stig over Sireåne, så til høgge opp Skardet og ned aust for Hjallen og ned til vegen til Sletto. Så attende til Barskrindsaga. Hugs gode sko, det kan vera litt blautt enkelte stader. Tonga heng ved stølen til Kjell Torpe.

Turen er om lag 6 km.

Turansvarleg er Per-Egil Kolsrud, tlf 9174 5463.

5 Tysdag 21. juni: Breiset-Grytingen

Frammøte ved Klubbhuset kl 1800

Me fyller opp bilane og køyrer til Breiset (hugs bompengar). Me fylgjer god stig mot Grytingen. Valgfritt å gå til Søre Grytingen der me kan sjå dei store sprekkane som ofte er fulle av snø og is, eller me går til toppen på Nørdre Grytingen. Me går same vegen attende. Tonga finn du i stigkryss tidleg i stigninga.

Turen er om lag 7 km.

Turansvarleg er Sissel Hansen, tlf 9112 9478.

6 Tysdag 16. august: Tur til Sirestølen (Ridalen)

Frammøte ved Klubbhuset kl 1730

Me køyrer opp Ridalen til Hagaheimstølen (hugs bompengar), og går så den gamle stølsvegen til Sirestølen. Thorleiv Rotneim blir med som kjentmann. Han har sett i stand husa på stølen, og brukar området til beite for ammekyrne sine. Her var Thorleiv også gjetargut i barndommen. Tonga heng på Sirevollen.

Turen er om lag 8 km.

Turansvarleg er Hans Petter Evensen, tlf 4800 8253.

7 Tysdag 23. august: Frå Bæra til Søre Satalien

Frammøte ved Klubbhuset kl 1730

Me køyrer til Torpomoen og over Bærabrua der me parkerar. Så går me vegen forbi Bæragardane, under jernbanen, over vegen og vidare oppover lia. Me passerar Smedseplassen og går oppover til Hovda. Her må me over ein bekk før me kjem opp til Nedre Satalien. Dette er ein fin plass som i dag blir brukt som feriestad. Herifrå går me vidare oppover til me kjem til Søre Satalien. Her vil det passe fint med ei kaffipause, med ei flott utsikt til m.a. Opheim. Så går me same vegen attende til bilane. Det er svak stigning oppover i lia, men ikkje bratte og kronglute parti. Tonga heng i Søre Satalien.

Turen er om lag 7 km.

Turansvarleg er Gerd Liahagen, tlf 4152 5962.

8 Tysdag 30. august: Torpo Sentrum rundt

Frammøte ved kyrkja kl 1730

Dette blir ein tur i nærmiljøet. Me går fyrst til Wangen Camping, så går me over bruruinane og middelaldervegen attende til

Nubgarden (Sato) og til Stavkyrkja. Håkon Sato fortel litt om drifta av garden, før me gjer ein kort stopp i Stavkyrkja. Så går me ned til badeplassen ved Stasjonsbrua. Her blir det rast og bading. På attendeturen går me innom Torpo «nye» skule der Per-Egil har ei kort omvising. Tonga heng ved badeplassen.

Turen er om lag 3 km.

Turansvarleg er Hans Petter Evensen, tlf 4800 8253.

9 Tysdag 6. september:

Rudningen-Underberget-Rotneim (fellesfjøs)

Frammøte kl 1730 ved Klubbhuset

Turen startar ved saga på Rudningen ved Rotneim (Sigurd Sato). Herfrå går me opp forbi Botten til Underberget, Plassen, Torhaugen og Gjerda. Herfrå følgjer me Grovvegen nedover til fellesfjøsset på Rotneim. Dei som ynskjer det kan få omvising i fjøsset. Me organiserar slik at nokon har bilane her, dei fraktar sjåførane attende til Rudningen. Tonga heng ved grinda til Underberget.

Turen er om lag 3 km.

Turansvarleg er Ove Thorshaug, tlf 9073 2142.

Sesongavslutning på Klubbhuset etter turen

Sesongavslutning med kaffi og kaku og premieutdeling på Klubbhuset etter turen – «kven skal ha vandringsstaven komande år?» Får Gerd Liahagen eit nytt napp, eller er det nokon som tek utfordringa?

Me tek atterhald om feil og/eller endringar!



Me ynskjer små og store velkommen
til årets NI PÅ TØPP PÅ TØRPO
og håpar på mange fine turar i lag!

Helsing Torpo idrettslag

